

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV APRIL 2005.

ÅRGANG 40

DISTRIKT 2280

Møtedag:	Mandag kl 18.00 - 19.00
Møtested:	Klubbhuset til Hareid IL 6060 Hareid
President:	Ingar Bigset
Visepres.:	Arve Røyset
Sekretær:	Trygve Riise
Kasserer:	Oddvar Haugen
Past pres.:	Elisabet Sundgot
Styremedlem:	Arne Lillebø
Styremedlem:	Hans Gisle Holstad
Leiar ungdoms utveksling:	Leiar ungdoms utveksling: Otto Holstad
Ansv. Red.:	Sverre Bjåstad
Referent:	Einar Holm

## Fødselsdager i april:

Håkon Eidsvik	11.04
Arne G. Grimstad	11.04
Bjørn H. Holstad	04.04
Håvard Myrene	01.04
Aage Nytun	06.04
John Stennes	03.04

## 100%frammøte april 2005:

Sverre Bjåstad, Terje Dalsøren,  
Sigbjørn Haddal, Johs, Hareide, Hans  
G. Holstad, Otto Holstad, Jarle  
Klungsøyr, Hans Otto Rise, Arve  
Røyset, Elias Sellevoll, John Stennes,

Frammøte 68,6%

## Kvit vin i høge glas

Kvit vin i høge glas  
Det er kveld og me sit ved bordet  
Eg merkar ei stille når me snakkar saman.

Det er sommarkvelden i våre liv  
Me kan bli galne av smerte av at tida går  
Men me sit roleg i smaken av god vin.

Eg lengtar etter leppene dine  
i staden for dei salte pistasjenøtene  
Eg er galen av kjærleik

og har lyst til å springa rundt  
heile stova ein meter oppe på veggen  
kasta meg inn under bordet og skriva  
kjærleiksdistikt

på undersida av bordflata  
med svarte bokstavar  
Eg har lyst til å kvila hovudet i fanget ditt

og kjærteikna  
den mjuke baken din til fuglane byrjar syngja  
Eg vil kviskra

serbo-kroatiske kjærleikssongar  
og kyssa nakken din når den mjuke morgonen  
stig  
Men det er ein roleg kveld

etter ein lang slitsam dag  
Eg sit her med vinglaset, ser på deg, sukkar  
Du spør:

Kva er det ?  
Og eg, dumskolten,  
Svarar; Ingenting.

## *Helge Torvund*

Frå "Dikt i garderoben"  
samla av Nils Arne Eggen og Ola Bye Rise.

## **Månadsbrev Hareid Rotaryklubb - April 2005**

*Referent: Einar Holm*

### **Møte 04. april**

Kveldens møte vart halde på Hadartun – vår sjukeheim og aldersheim – det var fellesmøte mellom bebuarane på Hadartun og Rotary. Eit årvisst møte som både bebuarane og vi i Rotary set stor pris på.

Visepresident Arne Røyseth – som var kveldens møteleiar – ynskte vel møtt og håpte på ein triveleg kveld med god kontakt og gode samtalar mellom bebuarane og Rotarymedlemmane. Arne G. Grimstad leia som vanleg allsongen på ein sikker måte. Hildur Teigene framførte 3 vakre dikt- takk for det Hildur.

Hadartun sitt kjøkkenpersonale serverte så nydelege smørbrød – og praten gjekk livleg rundt borda. I det heile var det ein vellukka kveld – og det var tydeleg at bebuarane sette pris på denne årvisse kontakta med Hareid Rotary.

### **Møte 11. april**

Klubben besøkte gamle Bigset skule. Nokre kvinner fra Hareid (og Ulstein) har leigt seg kvar sine rom i skulen for å ha ein møtestad og plass til å drive hobbyverksemnd. Ein av leidgetakarane, Bente Giskeødegård, tok imot oss og fortalte om prosjektet, og viste oss rundt og fortalte om dei ulike aktivitetane. Nokre har rommet berre som ein oase i kvardagen, der dei kan møte andre og dyrke hobbyane sine, medan andre prøver å skape seg ein leveveg. Vi var innom m.a. ei vevstove med fleire vevstolar, der det også kan vil bli arrangert vekkurs. I eit anna rom vart det laga svært fine maskinstrikka ting som kjolar, jakker m.m. Der er det også råd å få strikka klede etter mål på bestilling. I kjellaren i den eldste delen av bygget hadde ein keramikar etablert seg i ein romsleg, god keramikkverkstad, der det vart laga og ustilt mange fine ting til overkomelege prisar. Her vil det også bli arrangert keramikk-kurs.

På mørkeloftet hadde Hjørungavågspelet fått plass til alle kostyma. I den gamle gymsalen har barn og ungdom fra Hareid og Ulstein kampsport trening.

Husleiga dei betalar er forholdsvis rimeleg, men til gjengjeld kostar det mykje å varme opp huset. Dei arrangerar ”ope hus” med visse mellomrom. Elles er det lov å besøke huset og sjå på aktivitetane når det måtte høve. I gangen nede er det slått opp oversikt over kven som er til stades til ei kvar tid.

Fleire av klubbmemeane hadde ein gong vore elevar på gamle Bigset skule, så for desse var det ekstra kjekt å sjå att dei gamle klasseromma. Og dei kunne fortelje om mange artige opplevingar og dei mange fanteprettene som dei hadde vore med på, så kreativiteten hadde tydelegvis vore stor i bygget også den gongen.

Presidenten takka for omvisinga og overrekte blomster.

### **Møte 18. april**

I den vakre vår kvelden vart kveldens rotarymøte opna med ”Sønnavindsvalsen” – og presidenten sin velkomst.

Ootto orienterte om framdrifta når det gjeld vår neste utvekslingsstudent. Det var semje om at når gjennomføringa nærmar seg – om 1 1/2 år skal tilbodet trykkast i vår lokalpresse. Otto var elles heilt klar på at Rotaryfamilie burde vore vertskap for neste student.

Så var det kveldens underholdning: Trygve Rise med gode historier frå vårt lokalsamfunn. Trygve er ein meister til å fortelje- og latteren sat lasut i forsamlinga. Trygve fekk elles ”hjelp” frå Elias Sellevoll, Otto Holstad, Einar Holm og Ingar Bigset. Trygve kalla kveldens program for ”lått og løye” – og lått og løye vart det. Takk for det Trygve – og dykk andre som hadde ei historie på lur.

### **Møte 25. april**

Presidenten opna møtet. Deretter song vi ”No livnar det i lundar”. Og denne songen passa godt til denne vakre vår kvelden – sol og ”sommar” ute og ei lett vår stemning inne.

Visepresident Arve Richard røyset fortalte levande frå sin Rotarytur til Oppdal. Saman med Oddvar Haugen hadde dei ein fin og lærerik tur. Mange gode ”tips” å ta med seg når Arve snart skal overta som president. Takk til Arve som på ”sin” måte tok oss alle med på denne turen. Det var interessant.

Johs. Hareide orienterte så om framdrifta av gangvegprosjektet – nemnda skal med det første ha planane klare, og då kan arbeidet starte opp.

Elles var det som vanleg siste møte i månaden programfritt. Kaffi, te og svele og livleg prat rundt borda. Ein time går fort – men likevel denne timen gir alltid eit ”påfyll” som alle treng i sin kvardag.